



## MØTEBOK ULLENSVANG FJELLSTYRE

Tidspunkt: Tysdag 20. februar 2024 kl. 1700-2200

Stad: Formannskapssalen, rådhuset i Odda

**Desse møtte:** Jarle Rasmussen, Per Helge Sekse, Britha Sandal, Anette Torvund, Jonas Aakre

Forfall:

Andre til stades på møtet: Steinar Lund (sekretær)

Publisert: 27.2.2024

### Saker til styremøtet:

**01/24: Orientering**

**02/24: Rekneskap 2023**

**03/24: Årsmelding 2023**

**04/24: Fastsetjing av satsar for godtgjersle for fjellstyrearbeid 2024-2027**

**05/24: Fastsetjing av prisar for 2024**

**06/24: Budsjett 2024**

**07/24: Møteplan 2024**

**08/24: Val av representant til villreinutvalet**

**09/24: Val av vararepresentant til styret i Fjellstyra på Hardangervidda as 2024-2027**

**10/24: Høyring villreinkvote Hardangervidda 2024**

**11/24: Grunn disponeringssak – Jakt- og fiskebu i Øvsta Krokavasshallet**

**12/24: Forsyning hytter og arbeid/prosjekt i vinter**

**13/24: Eventuelt**

Jarle Rasmussen /s/

Per Helge Sekse /s/

Britha Sandal /s/

Anette Torvund /s/

Jonas Aakre /s/

### Kopi til:

Fjellstyremedlemmer

Varamedlemmer

Fjellstyra på Hardangervidda as

Norges Fjellstyresamband

Fjellstyra kring Hardangervidda

Statskog

Ullensvang kommune

Hardanger Folkeblad



## 01/24: Orientering

### Saksdokument:

#### Saksdokument:

#### Postliste:

2023.11.1-145.9 Sparebankstiftinga Hardanger - Utsett frist for ferdigstilling av prosjekt rehabilitering av naust ved Kvennsjøen
2023.11.20-612.8 Ullensvang fjellstyre - Fellingsrapport elgjakt 2023
2023.11.27-035.2 Ullensvang fjellstyre - Innsynskrav Ullensvang bygningsråd 1979
2023.11.29-612.3 Villreinutvalet - Referat styremøte Hardangervidda Villreinutval
2023.12.01.32 Ullensvang kommune - Varsel om oppstart av temaplan for klima, miljø og energi
2023.12.01-612.3 Statsforvalteren i Oslo og Viken - Oversending av utkast til tiltaksplan for Hardangervidda villreinområde
2023.12.20-035.2 Ullensvang fjellstyre - Søknad om løyve til restaureringsarbeid på steinbu på Hansbu
2024.01.03-362.1 Statskog - Oversending av søknad om jakt- og fiskebu Øvsta Krokavasshadlet
2024.01.04-642.1 Ullensvang fjellstyre - Fordeling av overskot av fellesfiskekortet 2023
2024.01.09-035.2 Statskog - Grunneigars løyve til restaureringsarbeid på Rogdabu
2024.01.09-035.2 Statskog - Grunneigars løyve til riving av eksisterande naust og bygging av nytt ved Belebu
2024.01.09-035.2 Ullensvang kommune - Svar på innsynskrav - Ullensvang bygningsråd 1979
2024.01.10-035.2 Statskog - Grunneigars løyve til oppføring av naust med budel på Raudåna
2024.01.12-035.2 Ullensvang fjellstyre - Søknad om løyve til riving av eksisterande naust og oppføring av nytt ved Belebu
2024.01.26-035.2 Ullensvang kommune - Tilbakemelding om manglar i søknad om naust ved Belebu
2024.01.26-145.9 Ullensvang fjellstyre - Ettersending av dokumentasjon til søknad om spelemidlar naust Belebu
2024.02.01-035.2 Ullensvang fjellstyre - Ettersending av dokumentasjon til søknad om naust ved Belebu
2024.02.01-035.2 Ullensvang kommune - Kopi av oversending av byggesøknad naust Belebu til handsaming etter verneforskrifta
2024.02.01-329 Eidfjord kommune - Høyring på forslag til Forskrift om atferdsreglar og parkering på og ved Tinnhølvegen i Eidfjord kommune
2024.02.02-612.3 Villreinutvalet - Høyring villreinkvote Hardangervidda 2024
2024.02.12-145.9 Sparebanken Vest - Avslag på søknad om prosjektmidlar

### Saksutgreiing:

Orientering ved leiar om fjellstyrehytter, båtar, pågåande prosjekt mm.

#### Framlegg til vedtak:



Inga framlegg til vedtak

---

**Referat:**

Møtet starta med ein presentasjonsrunde av fjellstyremedlemmene.

Leiar og sekretær gjekk gjennom postlista.

Orientering ved leiar om fjellstyrehytter, båtar, pågåande prosjekt mm.

**Vedtak (sak 01/24):**

Fjellstyret tek orienteringa til etterretning.

---

**02/24: Rekneskap 2023**

**Saksdokument:**

- 02-24 Resultat 2023
- 02-24 Balanse 2023
- 02-24 Kontospesifikasjon 2023

**Saksutgreiing:**

Rekneskapsfører er ferdig med å føre rekneskapen for 2023, men det er ikkje gjort avslutting av rekneskapen, og revisjon er heller ikkje gjennomført. Fjellstyret kan få ferdig avslutta rekneskap opp som sak på neste fjellstyremøte, eventuelt godkjenne rekneskapen slik han ligg føre no, med atterhald om godkjenning frå revisor.

Rekneskapen viser eit overskot på 372.372,-

**Framlegg til vedtak:**

Inga framlegg til vedtak.

---



**Referat:**

Gjennomgang ved sekretær.

Det var ingen merknadar til rekneskapen, og det var semje om å godkjenne rekneskapen med atterhald om revisors godkjenning.

**Vedtak (sak 02/24):**

Fjellstyret godkjenner rekneskapen med atterhald om revisors godkjenning.

---

**03/24: Årsmelding 2023**

**Saksdokument:**

- 03-24 Utkast årsmelding 2023

**Saksutgreiing:**

Utkast til årsmelding ligg vedlagt saka.

**Framlegg til vedtak:**

Inga framlegg til vedtak.

---

**Referat:**

Gjennomgang av årsmeldinga ved leiar og sekretær.

**Vedtak (sak 03/24):**

Fjellstyret godkjenner årsmeldinga for 2023.

---



## 04/24: Fastsetjing av satsar for godtgjersle for fjellstyrearbeid 2024-2027

### Saksdokument:

### Saksutgreiing:

Jamfør fjellova § 7 skal fjellstyremedlemmene ha «rimeleg godtgjersle» for arbeidet. Godtgjersla, som blir utbetalt av fjellkassa, skal fastsettast av kommunestyret etter framlegg frå fjellstyret.

Ullensvang fjellstyre har fjellstyreperioden 2020-2023 hatt desse satsane for godtgjersle:

- Godtgjersle til leiar: 15.000,-
- Møtegodtgjersle: 600,- for fjellstyremøte og andre møte der fjellstyremedlemmer representerer fjellstyret. Dekka tapt arbeidsforteneste etter Ullensvang kommune sine satsar og reglar for udokumentert tapt arbeidsinntekt.
- Reisegodtgjersle etter statens regulativ
- Utgifter for dagnadsarbeid:
  - o Reisegodtgjersle etter statens regulativ for bruk av bil og skuter.
  - o Dekking av matutgifter: Kjøper inn mat på fjellstyret sin rekning.

### Framlegg til vedtak:

Inga framlegg til vedtak.

---

### Referat:

Per Helge Sekse kom med framlegg om 25.000,- i godtgjersle for leiar, og møtegodtgjersle, dekkja tapt arbeidsforteneste og køyregodtgjersle tilsvarande vedtak i Røldal fjellstyre:

- Godtgjersle til leiar: 25.000,-
- Godtgjersle for interne møte i fjellstyret: 800,-
- Halv sats for e-postmøte, eller teams-/telefonmøte under 60 minutt. Møte over 60 minutt vert rekna som internt møte.
- Godtgjersle for møte der ein representerer fjellstyret: Ullensvang fjellstyre føl sats for ulegitimert tapt arbeidsforteneste sett av Ullensvang kommune.
- Køyregodtgjersle: Ullensvang fjellstyre dekkjer køyring etter same vilkår som for folkevalde i Ullensvang kommune.



Styret slutta seg til dette.

Det var og semje om å vidareføre ordning for dekking av utgifter til dugnadsarbeid.

### **Vedtak (sak 04/24):**

Ullensvang fjellstyre foreslår fylgjande godtgjersle for styrearbeid i fjellstyreperioden 2024-2027:

- Godtgjersle til leiar: 25.000,-
- Godtgjersle for interne møte i fjellstyret: 800,-
- Halv sats for e-postmøte, eller teams-/telefonmøte under 60 minutt. Møte over 60 minutt vert rekna som internt møte.
- Godtgjersle for møte der ein representerer fjellstyret: Ullensvang fjellstyre føl sats for ulegitimert tapt arbeidsforteneste sett av Ullensvang kommune.
- Køyregodtgjersle: Ullensvang fjellstyre dekker køyring etter same vilkår som for folkevalde i Ullensvang kommune.
- Utgifter for dugnadsarbeid:
  - Reisegodtgjersle etter statens regulativ for bruk av bil og skuter.
  - Dekking av matutgifter: Kjøper inn mat på fjellstyret sin rekning.

---

## **05/24: Fastsetjing av prisar for 2024**

### **Saksdokument:**

- [Forskrift om jakt, felling, fangst og fiske i statsallmenning \(berre som lenkje\)](#)

### **Saksutgreiing:**

Forskrift om jakt, felling, fangst og fiske i statsallmenning legg føringar for prisar på stongfiske, småviltjakt og reinsjakt.

Prisane for stongfiskekort og småviltjakt blei justert opp i 2021 etter vedtak om ny prisramme. Kategori reinskort er ikkje klart, men det er forventa at det blir likt som i fjor – kort på vaksen bukk 2,5 år og eldre.

	<b>Prisar Ullensvang fjellstyre 2023</b>
<b>Stongfiske</b>	
Døgerkort stongfiske	kr 110*
2-døgerskort stongfiske	kr 190*



3-døgerskort stongfiske	kr 290*	
Vekeskort stongfiske	kr 390*	
Sesongkort stongfiske	kr 790*	
Vekeskort garnfiske utanbygdsbuande	kr 600	
Vekeskort fiske innanbygdsbuande	kr 300	
Familiekort sesong innanbygdsbuande	kr 500	
Sesongkort fiske innanbygdsbuande	kr 450	
<b>Småviltjakt for innanbygdsbuande</b>		
Dagskort	kr 140**	
Vekeskort	kr 600**	
Sesongkort	kr 1 100**	
<b>Småviltjakt for utanbygdsbuande</b>		
Dagskort	kr 280*	
Vekeskort	kr 1 200	
Sesongkort	kr 2 200	
<b>Smårovviltkort sesong</b>	kr 100	
<b>Reinsjakt innanbygdsbuande</b>		
Pris pr. kort (vaksen bukk 2,5 år eller eldre)	kr 1 500**	
16-19 år halv pris.		
<b>Reinsjakt utanbygdsbuande</b>		
Pris pr. kort (vaksen bukk 2,5 år eller eldre)	kr 3 000	
<b>Prisar hytteutleige pr. person</b>	Innanbygdsbuande	Utanbygdsbuande
Trehytte	kr 100	kr 200
Steinbu	kr 90	kr 180

\* På prisramma, jf. forskrift om jakt, felling, fangst og fiske i statsallmenning

\*\* Prisen på småviltjakt og reinsjakt for innanbygdsbuande kan ikkje settast lågare enn halvparten av prisen for utanbygdsbuande.



**Framlegg til vedtak:**

Inga framlegg til vedtak.

---

**Referat:**

Jarle kom med framlegg om å utsetta vedtak om pris på reinskort til neste møte. Styret slutta seg til dette.

Det var elles semje om å halda prisane uendra.

**Vedtak (sak 05/24):**

Ullevang fjellstyre vedtek tilsvarende prisar som i 2023, med unntak av pris på reinskort, som blir vedteke på neste møte.

Vedtaket om prisar på fiske, småviltjakt og reinsjakt er gjort med heimel i forskrift om jakt, felling, fangst og fiske i statsallmenning § 13, jf. §§ 14 og 15.

---

**06/24: Budsjett 2024**

**Saksdokument:**

- 06-24 Utkast budsjett 2024

**Saksutgreiing:**

Utkast til budsjett ligg vedlagt saka.

**Framlegg til vedtak:**

Inga framlegg til vedtak.

---



**Referat:**

Jarle kom med framlegg om å leggja inn 100.000 til innkjøp av båtar. Styret slutta seg til dette.

Ei ordning der det blir leigd inn transport av veden med tråkkemaskin til ein stad der det kan fraktast vidare med snøskuter til hyttene blei diskutert. Det var semje om at ei slik løysing kan vurderast på sikt. Ordninga bør da greiast ut med tanke på økonomi, dugnadsaspekt og eksterne profesjonell aktør versus fjelloppsynet. Det blir ikkje lagt opp til noko endring for inneverande år.

**Vedtak (sak 06/24):**

Fjellstyret vedtek utkast til budsjett, med eit tillegg på 100.000 til innkjøp av båtar.

**07/24: Møteplan 2024****Saksdokument:****Saksutgreiing:**

Behovet for møte kan vera vanskeleg å stipulere, sidan det normalt dukkar opp saker i løpet av året. Eit minimum vil vera eit møte med årsmelding, rekneskap og budsjett i februar, eit møte for fastsetting av diverse rundt reinsjakta, til dømes i slutten av mars, og eit møte etter jakta.

**Framlegg til vedtak:**

Inga framlegg til vedtak.

---

**Referat:**

Det var semje om å ta utgangspunkt i eit møte i slutten av mars, og eit etter jakta. Jarle finn forslag til datoar som blir lufta med resten av styret.

**Vedtak (sak 07/24):**

Det blir teke utgangspunkt i eit møte i slutten av mars, og eit etter jakta. Jarle finn forslag til datoar som blir lufta med resten av styret.

---

**08/24: Val av representant til villreinutvalet****Saksdokument:**

- 08-24 Vedtekter villreinutvalet

**Saksutgreiing:**

Villreinutvalet blir valt for fire år i slengen. Det nye utvalet byrjar perioden sin på våren året etter kommunevalet. Det blir valt eit medlem frå kvar av kommunane med areal i Hardangervidda villreinområde. Fordelinga av medlemmer i villreinutvalet følj kommuneinndelinga før 2020, difor er det to representantar frå Ullensvang kommune – tidlegare ein frå Odda og ein frå Ullensvang. FH (Fjellstyra på Hardangervidda) og HG (Hardangervidda Grunneigarsamskipnad) har fire representantar kvar i villreinutvalet. Representantane blir oppnemnd av dei to organisasjonane. Representanten frå kvar enkelt kommune skal veljast frå HG eller FH etter eit fast opsett (sjå figur under). Me er no i kolonne nr. 2 frå høgre.

For kommunane Ullensvang, Eidfjord og Odda vekslar det mellom to og tre representantar frå fjellstyra annankvar periode. I den komande perioden skal begge representantane frå Ullensvang kommune veljast av fjellstyra. Det er FH som formelt fremjar sine representantar til villreinutvalet, men praksis er at kvart enkelt fjellstyre vel sin kandidat.

Tidlegare praksis har vore at Røldal fjellstyre og Odda fjellstyre har hatt representant annankvar periode når representanten frå Odda kommune skulle vera frå fjellstyra. Ullensvang fjellstyre og Røldal fjellstyre må avklare seg i mellom kva for eit fjellstyre representanten frå tidlegare Odda kommune skal veljast frå. Ei løysing kan vera at representanten fast skal veljast frå Røldal fjellstyre. Eit alternativ er at representanten blir valt frå Ullensvang og Røldal annankvar gong – med resultatet at Ullensvang fjellstyre har to representantar i villreinutvalet annankvar gong det skal veljast representant frå FH i både gamle Ullensvang herad og Odda kommune. Eit tredje alternative er at dei to fjellstyra blir einige seg i mellom om ein god kandidat til vervet dei gongene denne situasjonen oppstår.

Røldal fjellstyre har foreslått Andre Botnen som representant til villreinutvalet 2024-2027. Dei har og foreslått fyljande ordning for fordeling av representantar mellom Røldal fjellstyre og Ullensvang fjellstyre:



- Ullensvang fjellstyre vel ein felles representant for dei to fjellstyra dei åra fjellstyra i kommunen har ein representant. Kandidaten kan veljast frå Røldal fjellstyre.
- Dei åra det er to representantar frå fjellstyra i Ullensvang kommune vert fjellstyra einige seg i mellom om ein god kandidat nr. 2.
- Viss dei to fjellstyra ikkje blir einige ligg fyljande fordelinga til grunn: veksling mellom representant frå Røldal fjellstyre og Ullensvang fjellstyre annankvar periode, jamfør avtale mellom Røldal fjellstyre og Odda fjellstyre før kommunesamanslåinga. For perioden 2024-2027 er det Røldal fjellstyre sin tur til å ha representant i villreinutvalet etter denne avtala.

Vinje	HG	HG	HG	HG	HG	HG	HG	HG	HG	HG	HG	HG	HG
Tinn	HG	HG	HG	HG	HG	HG	HG	HG	HG	HG	HG	HG	HG
Hol	HG	HG	HG	HG	HG	HG	HG	HG	HG	HG	HG	HG	HG
Ulvik	SfH	SfH	SfH	SfH	SfH	SfH	SfH	SfH	SfH	SfH	SfH	SfH	SfH
Nore og Uvdal	HG	SfH	HG	SfH	HG	SfH	HG	SfH	HG	SfH	HG	SfH	HG
Ullensvang	SfH	HG	SfH	SfH	SfH	SfH	SfH	HG	SfH	SfH	SfH	SfH	SfH
Odda	SfH	SfH	SfH	HG	SfH	SfH	SfH	SfH	SfH	HG	SfH	SfH	SfH
Eidfjord	SfH	SfH	SfH	SfH	SfH	HG	SfH	SfH	SfH	SfH	SfH	SfH	HG

### Framlegg til vedtak:

Inga framlegg til vedtak.

### Referat:

Styret samla seg om å foreslå Jonas Aakre som representant til villreinutvalet.

Det var elles semje om å støtta forslag til ordning frå Røldal fjellstyre

### Vedtak (sak 08/24):

Ullensvang fjellstyre foreslår Jonas Aakre som representant frå Ullensvang fjellstyre i villreinutvalet 2024-2027.

Fjellstyret stiller seg bak Røldal fjellstyre sitt forslag til deling av representantar mellom dei to fjellstyra:



- Ullensvang fjellstyre vel ein felles representant for dei to fjellstyra dei åra fjellstyra i kommunen har ein representant. Kandidaten kan veljast frå Røldal fjellstyre.
  - Dei åra det er to representantar frå fjellstyra i Ullensvang kommune vert fjellstyra einige seg i mellom om ein god kandidat nr. 2.
  - Viss dei to fjellstyra ikkje blir einige ligg fyljande fordelinga til grunn: veksling mellom representant frå Røldal fjellstyre og Ullensvang fjellstyre annankvar periode, jamfør avtale mellom Røldal fjellstyre og Odda fjellstyre før kommunesamanslåinga. For perioden 2024-2027 er det Røldal fjellstyre sin tur til å ha representant i villreinutvalet etter denne avtala.
- 

## **09/24: Val av vararepresentant til styret i Fjellstyra på Hardangervidda as 2024-2027**

### **Saksdokument:**

### **Saksutgreiing:**

Styret i Fjellstyra på Hardangervidda as er samansett av alle fjellstyreleiarane i fjellstyra som er aksjonærar i selskapet. Fjellstyra sjølve vel ein vararepresentant for heile fjellstyreperioden.

### **Framlegg til vedtak:**

Inga framlegg til vedtak.

---

### **Referat:**

Det var semje i fjellstyret om å velja Anette Torvund som vararepresentant frå Ullensvang fjellstyre.

### **Vedtak (sak 09/24):**

Ullensvang fjellstyre vel Anette Torvund som vararepresentant til styret i Fjellstyra på Hardangervidda as.



---

## 10/24: Høyring villreinkvote Hardangervidda 2024

### Saksdokument:

- 10-24 Framlegg til villreinkvote og tiltak i jakta 2024

### Saksutgreiing:

Villreinutvalet har sendt på høyring forslag til kvote, jakttid og ordningar for jakta. Dei tilrår fyljande kvote, korttype og tiltak:

- Kvote på 4000 kort, av korttypen vaksen bukk 2,5 år og eldre
- Jakttid 20. august til og med 22. september
- Dyreposisjoner.no tilgjengeleg for jegerane med tre dagars forseinking
- Vidareføre ordninga der det blir dispensert frå krav om skriftleg fellesjaktavtale, jf. hjorteviltforskrifta § 31
- Vidareføre fungerande fredingssoner og vurdere nye fredingssoner i andre område

Det blir vist til utgreiing i vedlagt dokument frå villreinutvalet.

### Framlegg til vedtak:

Inga framlegg til vedtak.

---

### Referat:

Det var semje om å foreslå ei kvote på 3000 bukkekort. Fjellstyret stiller seg elles bak villreinutvalet sitt framlegg til jakttid og tilgang til gps-merka dyr på [www.dyreposisjoner.no](http://www.dyreposisjoner.no) med tre døgnns forseinking.

Det var og semje om å kommentere i høyringsinnspelet at det er ynskjeleg at ordninga med refusjon for uttransport av kjøt blir gjeninnført.

### Vedtak (sak 10/24):

Fjellstyret sender inn høyringssvar i tråd med konklusjonane i referatet.



---

## 11/24: Grunn disponerings sak – Jakt- og fiskebu i Øvsta Krokavasshallet

### Saksdokument:

- 11-24 Byggesøknad jakt- og fiskebu Øvsta Krokavasshallet

### Saksutgreiing:

Statskog har sendt over ein søknad om å rive eksisterande jakt- og fiskebu ved Øvsta Krokavasshallet, og bygge ei ny om lag på same staden som erstatning. Statskog ber fjellstyret uttale seg etter fjellova § 12, med omsyn til om tiltaket vil medføre vesentleg skade for nokon som har bruksrett.

Søknaden gjeld nybygg som erstatning for ei jakt- og fiskebu som blei skada av vêrtilhøva vinteren 2022/2023. Bua har ei avgiftsfri erklæring (dvs. har opphav frå ei bu/steinbu frå før 1920 med rettar tufta på Rt-1948-533 «Eidfjorddomen»), og høyrer til fire landbrukseigedomar i Ullensvang (157/2, 158/1, 159/1 og 159/4). Bua som står der i dag blei bygd på 1980-talet. Opphavleg var ho på 30 m<sup>2</sup>, men blei utvida med 10 m<sup>2</sup> i 1995. Takstmann har vurdert skadane til å vera så omfattande at bygget må kondemnerast.

Det blir søkt om å sette opp eit bygg som er noko større enn det som står der i dag (49,4 mot 40 m<sup>2</sup>), grunngjeve med at hytta har mange brukarar, og at det er behov for meir lagerplass. For å unngå at hytta blir utsett for ny skade er det søkt om å lage fundament av betong, og ikkje pålar som i dag. Dei ynskjer og å flytte hytta 10 meter mot aust og 7 meter mot sør.

Det er vanskeleg å sjå for seg at ei enkelt jakt- og fiskebu vil føre med seg «vesentleg skade» for nokon som har bruksrett. Problemstillinga er meir relevant i det store biletet, til dømes når det gjeld praksis for løyve til å setta opp nye bygningar. I dette tilfellet er det snakk om erstatning for eit bygg som står der i dag, og det vil såleis ikkje bli fleire bygningar av tiltaket. Retten til bygningen er og godt forankra i gamle rettar, og eit løyve til grunn disponering vil difor ikkje føre til ein uheldig presedens i samband med framtidige søknadar om nybygg i statsallmenningen.

### Framlegg til vedtak:

Fjellstyret har ingen merknadar til søknaden.

---

**Referat:**

Jonas Aakre er ugild i saka, og deltok ikkje i diskusjonen eller vedtaket. Vara er også ugild, og var difor ikkje kalla inn.

Det var semje om framlegg til vedtak.

**Vedtak (sak 11/24):**

Fjellstyret har ingen merknadar til søknaden.

---

**12/24: Forsyning hytter og arbeid/prosjekt i vinter****Saksdokument:****Saksutgreiing:**

Gjennomgang på møtet.

**Framlegg til vedtak:**

Inga framlegg til vedtak.

---

**Referat:**

Jarle foreslår at det blir danna eit hyttestyre beståande av Jonas, Britha og Jarle. Hyttestyret held tråden i innkjøp av ved, gass med meir til hyttene. Hyttestyret informerer resten av fjellstyret fortløpande om arbeidet som blir gjort.

Det blir lagt opp til at heile styret tek ein runde på hyttene i løpet av vinteren.

Det blir undersøkt om det er søknadspliktig å plassere ein trekasse utanfor Persbu og hytta ved Holmavatnet til lagring av ved.

**Vedtak (sak 12/24):**

Fjellstyret gjennomfører forsyning og anna arbeid på hyttene i vinter i tråd med konklusjonane i referatet.

**13/24: Eventuelt**

Jarle informerte om at han tidlegare i vinter fekk ein førespurnad om to skigåarar som kryssa Hardangervidda kunne få tilgang til husvære på Hansbu ei natt. Det var sterk kulde og vind på tidspunktet. Dei fekk lov til, då det vart vurdert som eit nødstilfelle. Styret gir leiar fullmakt til å vurdere og avgjere i eventuelt tilsvarende saker/førespurnadar.

Jonas tok opp at forbrenningsomnen på Hansbu er dårleg. Jonas undersøker kor mykje det vil koste å få laga ein slik omn. Det kan og vera aktuelt til andre stader enn Hansbu.